

Sæter i Saksumsdalen (gnr. 110)

Sæter: Namn som tydeleg fortel at garden frå først av vart brukt som sæter; og dette tilfelle truleg av ein enda eldre gard i Saksumdalen.

I skrivne kjelder finn vi garden først nemnt i lista for Bygningsskatten i 1594. Namnet er da skrive "Settir", og garden er ført i gruppa for "Hallfue gaarde" side om side med "Lille Ulland". I 1604 er namnet skrive "Setter", og garden svara 1½ tønne tiendekorn, som t.d. Hovland og Ulland, så Sæter var alt da ein mellomstor gard. Seks år seinare er i 1610 brukaren på garden kalla Oluff Setter, og han er da ført i gruppa for "Ødegaards-mend", som svara ein halv dalar i skatt. I 1613 er det elles vidare opplyst at Oluff Setter hadde fått 1. bygsel på krongods til 9 skinn landskyld og altså var bygselar eller leiglendingsbonde. Men i 1620 var landskylda av "Seter" høgda til 9 skinn 18 merker fisk, så det var altså kjent til topps at til Sæter hørde alt i den tid eit årsikkert fiske av god fisk. Fire år seinare hadde det elles vore bygselar- og brukarskifte på Sæter, og Svend Seter betalde da den ekstra Koppsskatten 1624 for seg og kona si med 1 mark i pengar.

Dette var i dei langvarige krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein ny ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi det da var krøtertalet på gardom som vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. I dette skattemanntalet er det elles oppgitt at det da var kvinneleg bygselar og brukar på Sæter, "Rangdj Setter", og at husdyrtalet der på garden da var: 2 hopper, 17 naut, 7 geiter og 23 sauer, og dette er etter ei kjelde som må seiast å vera særst pålitande.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Setter" vidare oppgitt at garden framleis var "Kongens", men at Svend da hadde overtatt som bygselar og brukar. Buskapen av store husdyr var da: 3 hestar og 18 naut, og korntienda vart utleid med 2½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 25 tønner. Det er elles oppgitt at Sæter alt da hadde sæter og sommarbeite for krøtera på "Schielbrede Setter".

Ti år seinare var det i 1678 framleis Svend som var brukar på Sæter, men det er oppgitt at Sæter da var assigneret Major Reichwein, og assigneret tyder her sikkert "tildelt til bruk". At Sæter vart brukt på denne måten i lengre tid, går og tydeleg fram av ei sak frå 1706. Det vart da på tinget på Langset i Faaberg lese bygselseddel til Christen Johansen på "Setter i Saxumdalen og et engeslett i setteren, av oberstl. Jørgen Otto Brochenhuus utgiven".

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der finn ein for første gong gardnamnet skrive "Sæter", og det er da vidare fortalt at garden framleis var "Deris Kongl. Maits. med bøxel tilhørig", og at landskylda framleis var 1 hud 18 merker fisk. Buskapen på garden var da: 2 hestar, 15 naut, 11 sauer og 7 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde da kring 5 tønner. Vidare er det så oppgitt at Sæter ligg i sollia, og at jordarten er god, men at garden er tungbrukt. Dessutan er det da opplyst at Sæter og hadde eiga kvern, bekkekvern, men som var brukt "ichun til huusnøtte" Bygselar og brukar på Sæter i denne tid var sikkert Christen Johansen Setter. Men i 1727 hadde Christen Setter sjølv fått kongeskjøte på garden, som han da skjøta vidare til "Christen og Anders Halvorssønner og deres arvinger på garden Setter i Faabergs prestegjeld som skylder 1 hud 18 bismarck. fisk med bøxel for sum 368 rd"

Kongeskjøtet som Christen Johansen fekk på garden Sæter har elles etter panteboka denne ordlyden:

”Setter.

Kongeskjøte dat. 19. juni 1727 tgl. 18. febr. 1728 fra Friderich den fjerde konge til Danmark og Norge til Christen Johansen Setter og hans arvinger på en deres eiende andel i gården Setter afsigneret Infanterie Officeers kvarter og i Fåberg prestegjeld beliggende som skylder 1 hud 18 bismermrk. fisk med bøxel”.

Tolv år seinare var i 1740 Christen Setter og kona hans, Mari Olsdtr. vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live, og det skiftet vart helde på ”Sæter i Faaberg” den 27. april 1740. Ved dette skiftet var jordegodset i skiftebuet, Sæter av skyld 1½ hud, verdsett til 380 rd., og arvebuet utgjorde brutto 515 rd. og netto 61 rd. Arvingane ved skiftet var dei 6 borna som da alle var vaksne. Av dei var det 3 gutar og 3 jenter. Dei var: 1. Johannes, 2. Ole, 3. Peder, 4. Guri, 5. Imbjør, 6. Sigri.

I 1744 var det sonen Johannes Christensen som hadde tatt over og var eigar og brukar av Sæter. Det var da ei sak mellom han og Christen Nygaard, om ”uansvarlige ord og utilbørlig tale om citantens hustru”, men saka vart inntill vidare utsett. Kona til Johannes Christensen heitte elles Guri Halvorsdtr., og i 1753 var det dei som i tur og orden hadde skifte på ”Sæter i Faaberg”. Ved dette skifte vart arvebuet med jordegods brutto taksert til 1076 rd. og netto til 713 rd. Arving ved skiftet var elles Marthe, som var einaste levande barnet i ekteskapet, og som enda var berre 6½ år.

Fem år seinare gav så i 1758 Johannes Christensen skjøte til steson sin Gudmund Engebretsen på grd. Sæter for kjøpesum 800 rd. Gudmund Engebretsen gifta seg i 1763 med Marthe Johannesdtr. f. 1748, og dei fekk 8 born, nemleg:

1. Johannes f. 1765, 2. Ole f. 1767, 3. Christen f. 1770, 4. Guro f. 1773, 5. Ingebret f. 1775, 6. Ole f. 1780, død 1796, 7. Guri f. 1783, 8. Johannes f. 1787.

Gudmund Engebretsen brukte så sjølv garden til i 1792, da han gav skjøte til Christen Johansen på grd. Sæter av skyld 1½ hud for kjøpesum 1000 rd. og føderåd til Gudmund og Marthe Sæter, som baa enda var i live.

Christen Johansen hadde elles garden berre i to år til i 1794, da han skjøta 1/3 av Sæter, Sæter av skyld ½ hud over til Syver Endresen for sum 300 rd., og samtidig gav han og skjøte til Arne Olsen på 2/3 av Sæter, Sæter av skyld 1 hud for kjøpesum 700 rd. Men seks år seinare var det i år 1800 Syver Endresen som hadde heimelen på heile garden Sæter, Sæter av skyld 1½ hud, som han da selde til Engebret Einersen for kjøpesum 1399 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da to familiar på Sæter. Dei to familiane var:

1. familie:

1. Engebret Einersen, husbonden, 31 år
2. Clara Olsdtr., kona hans, 33 år
3. Einer Engebretsen, son deres, 1 år
4. Andrea, dotter deres, 5 år
5. Berthe, dotter deres, 4 år
6. Engebret Gudmundsen, tenestkar, 23 år
7. Ingebor Andersdtr., tenestkvinne, 22 år

2. familie:

1. Gudmund Engebretsen, føderådsmann, 66 år

2. Marthe Johansdtr., kona hans, 53 år
3. Guri Gudmundsdtr., dotter deres, 18 år
4. Johanne Gudmundsdtr., dotter deres, 14 år

Husbonden Engebret Einersen hadde framleis garden i 1802, men han var da i beit for kontantar og lånte 550 rd. av lensmann Anders Lysgaard mot 1. pr. pant i grd. Sæter og dessutan ”pant i Heste, 12 Nødskreature, 14 Faar og et Aars Avl og afgrøde samt alt sit ejende Løsøre”. Denne obligasjonen vart elles avlyst den 18. juni 1806.

Av år 1804 er ei husmannskontrakt som vart inngått ved kommisjonsforlik, og som etter utskrift av panteboka skal ha denne ordlyden:

”Sæter i Saksumdalen.

Forening inngått ved forlikskommisjon 1804, oktober 3. tgl. 17. mellom Engebret Sætter i Saxumsdalen og Anders Olsen:

”Engebret Sætter tager Anders Olsen til Huusmand og giver Tilladelse til at ligge sønderst i et Eng kaldet Sveen og hertil skal Anders have 3 Mæling Eng norderst i Gaardens Jorde kaldet Vesle Liueng, videre i Skaalengen norderst, sørefter til det nørdrø Laft på Laden i liige Linie op og ned tvert over Engen. Anders skal have en Koe eller Kalv hiemme i gaardens Havning i Sættermåned, og til anden Aarets Tider skal hans Kreature gaae i Havn i Haugen med Gaardens. – Anders skal holde en til at gjerde en dag i en Uge og Toe Dage i en anden, i Afgift af denne nye Plads yder Anders aarlig til Gaarden Fem Rigsdahler, fra disse Fem Rigsdahler skal fradrages følgende Arbeidsdage og Fiorten Dage til Tømmerhugst; skal slaae 4 Mæhlinger og skiere Sex Maal og Fiorten Dage om Høsten paa ? arbeide. For ovenmeldte Arbeide nyder han de sedvanlige Arbeidspriser. ”Anders Olsen og hustru skal nyde denne plass så lenge de lever, og efter deres død – eller om de vil opgi plassen, da skal en av deres barn få den på samme vilkår som oven meldt.”

Engebret Einersen brukte Sæter av skyld 1½ hud til i 1806, da han selde den eine halvdel av Sæter med ”jordvei og Huser uden- og indegjærdes” for 699 rd. til Christen Larsen Myhren og Lars Erichsen Myhren og den andre halvdel av Sæter til Christen Evensen Lien for kjøpesum 700 rd. I samband med desse handlane lånte så kjøparane tilsaman 1048 rd. av lensmann Anders Lysgard mot pant i dei to Sætergardane.

I 1808 var det Ole Olsen som hadde tatt over den store pantegjelda til lensmann Anders Lysgard. Om dette fortel eit kommisjonsforlik, som etter ei utskrift av panteboka er sålydande:

”Sæter i Saksumsdalen.

Kommisjonsforlik Dat. 1808, juli 1. mellom Lensmann Anders Lysgaard og Ole Olsen Sæter for gjeld. Ole Olsen tilstod å skylde citanten 999 rd med renter fra 14. april 1807 og omkostninger og dessuten 40 rd. ekstra. Alt det forplikter han sig å betale til 31. august nestkommende. I Tilfelde han ikke betaler, skal hans gård Sæter selges ved auksjon; dessuten selges da også hester, fæ, løsøre, avl og av-grøde. Kausjonisten Christen Evensen lover å betale ovenmeldte 40 rd. samt 200 rd.”

Året etter vart så i 1809 garden Sæter i Saksumsdalen selt ved auksjon til Thomas Jacobsen Diget for 710 rd., og det er samtidig opplyst at Ole Olsen hadde hatt denne garden til bruk. Ein merker seg og at adressa til lensmann Anders Lysgaard og er endra til ”Svennes i Biri”.

Kjøparen Thomas Jacobsen Diget som tilhandla seg grd. Sæter i Saksumsdalen i 1809, hadde elles garden berre i eitt år til 1810, da han selde Sæter til Svend Brendum for kjøpesum 850 rd. Ein merker seg og elles at Thomas Jacobsen da er kalla Thomas Jacobsen Jørstad.

Tre år seinare har ein i 1812 døme på at den eine av Sætergardane i Saksumdalen er kalla "Sæter nordre", og Svend Christophersen Sæter skjøta da denne garden til Engebret Pedersen Kraabøl.

År 1819 kom matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der går det tydeleg fram at Sæter i Saksumdalen da var delt i to så å seia like store gardar, "Sætter Nordre" og "Sætter Søndre", som kvar hadde ei årsavling av korn på kring 20 tønner.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn, fisk og smør skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Kvar av dei to Sætergardane i Saksumdalen fekk da som sin nye matrikkelskyld: 3 skylddalar, 2 ort og 2 skilling, og det var da Engebret Pedersen som var oppsittar på Sæter nordre, og Ole Christensen som var oppsittar på Sæter søndre. Men i 1843 skjøta så Engebret Pedersen på Sæter nordre garden over til sonen Johans Engebretsen, og året etter gav i 1844 Ole Christensen også skjøte til sin son Christen Olsen på ættegarden Sæter søndre.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det atter publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Såleis er det da oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og sæterlykkjer i den tid utgjorde:

- a. hos Johannes på Sæter nordre: samla jordbruksareal 238 mål, og derav jord av 1. klasse 35 mål. Sæter søndre var derimot i den tid delt i 3 bruk, nemleg:
- b. Sæter søndre hos Ole Poulsen, der dei tilsvarande jordbruksareal var: 128 mål og 27 mål,
- c. Sætersveen hos Børre, der dei tilsvarande areal var: 76 mål og 10 mål
- d. Storstø Sæter, der dei tilsvarande areal var 12 mål og 3 mål, og Amund Glotten i den tid var eigar og/eller brukar.

I den tid var det og fleire store utskiftingar av skog og beitestrekningar i Fåberg. I 1854 var det såleis avsluttande utskifting av Faaberg vestfjeld, og i 1870-1871 var det utskifting av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameieskoger.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gard- og bruksnummer og ny matrikkelskyld uttrykt i skyldmark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Sæter i Sakumdalen fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 110 av samla skyld 10,47 mark, og det var alt da 5 bruksnummer under gardsnr. 110 Sæter. Dei 5 bruksnummer var:

- a. Grn. 110 brn. 1 Sæter nordre med Sveseteren av skyld 5,49 mark, som Johannes Engebretsens Enke da var eigar og/eller brukar av.
- b. Grn. 110 brn. 2 Sæter søndre av skyld 3,12 mark, med Andreas Arnesen som eigar ell. brukar.
- c. Grn. 110 brn. 3 Sveen av skyld 1,02 mark, eigar ell. brukar Amund Pedersen Brettingen.
- d. Grn. 110 brn. 4 Storstøe sæter av skyld 0,33 mark, som da Johan Olsen Lybæk var eigar og/eller brukar av.
- e. Grn. 110 brn. 5 Sameieskog av skyld 0,51 mark, som B. & O. Lundgaard var eigar og/eller brukar av.

Vidare gav så i 1895 Ole Sæther som einaste son etter Johannes Engebretsen skjøte til Bjørn E. Klevgaard på grd. Sæter nordre for kjøpesum kr 4.478,-, og Bjørn Klevgaard skjøta i 1899 Sæter nordre vidare til Syver B. Klevgaard.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det dessutan da skjedd dei skifte at Andreas Johansen hadde overtatt grd. 110 brn. 2 Sæter søndre. Vidare hadde Thobias M. Kval tilhandla seg grn. 110 brn. 3 Sveen og O. Johannessen Sæter hadde kjøpt brn 6 og 7 Svesetra. Vidare hadde da Amund Iversen overtatt grn. 110 brn. 9 Sætersveea søndre.

Her tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 9 personar med røysterett på og eller ved Sæter. Dei 9 personane var:

1. gardbr. Amund Iversen Sætersveen, 80 år
2. arbeidar Ole J. Rusten, Sætersveen, 28 år
3. Thobias M. Kval, Sætersveen, 26 år
4. gardbr. Andreas Johansen Sæter, 29 år
5. husmor Sina J. Sæter, kona hans, 29 år
6. hestehandlar Johan Johannessen, Sæter, 56 år
7. gardbr. Syver Bjørnsen Klevgaard, Sæter, 31 år
8. husmor Anne Klevgaard, Sæter, kona hans 30 år
9. føderådsmann Bjørn Klevgaard, Sæter, 81 år

Av handlar i seinare tid med Sætergardane eller parsellar av dei merker en seg at i 1910 selde så Syver Bjørnsen Klevgaard grn. 110 brn 1 Sæter nordre til Johan B. Johnsen for kjøpesum kr 12.500,-. Av same året er og ei tinglyst sak der kjøparen Joh. B. Johnsen fekk ordna det slik at grn. 110 brn. 8 Nordengen da vart tillagt brn. 1 og at denne garden etter det måtte "bli kaldt Sæter nordre". Året etter kjøpte elles Joh. B. Johnsen også grn. 109 brn. 1 Blakrusten for kjøpesum kr 9.700,-. Men i 1933 hadde grn. 110 brn. 1 Sæter atter vore på handel, og same åre kjøpte så kaptein i infanteriet Olav Hovland grd. Sæter av Ole Jacob Melgård. Samtidig kjøpte og Reidar Hovland grn. 109 brn. 7 Rusten, nedre, av O. J. Melgård.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 3 bruksnr. under grdsnr. 110 Sæter med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 gardsbruk var:

- a. Grn. 110 brn. 1 og 10 Sæter nordre med eit jordbruksareal på ca. 100 mål, som Olav Hovland framleis var eigar og brukar av.
- b. Grn. 110 brn. 2 Sæter søndre med eit jordbruksareal på ca 60 mål, som Karl Enger var eigar og brukar av.
- c. Grn. 110 brn. 9 Sætersveen med eit jorbruksareal på ca. 15 mål, som Gustav Kampesveen var eigar og brukar av.